

Lars Grøteide
Kyrkjevegen 8
6809 FØRDE

Førde, 28.01.22

Båtlaget Njord/Tysnes
v/ Einar Aslaksen
Teiglandsvegen 80
5680 TYSENS

Forslag til Båtlaget Njord/Tysnes sitt årsmøte 11. februar 2022

Innleiing

Som andre er eg uroa over utviklinga i bruken av oselvaren, både som regattabåt, bruksbåt og til fritidsbruk. Også i Oselvarboka utgjeven av Oselvarklubben, kjem det fram at tendensen til redusert bruk er klår. I boka vert det også lufta tankar om vegen vidare med tanke på bruken av oselvaren. Dette forslaget er, håpar eg, starten på ei ytterlegare konkretisering av tankar og idear kring vidare bruk av oselvaren.

Bakgrunn

Historia til oselvaren er lang og unik. Det eg opplever som mest unikt i høve mange andre båttypar, er at bruken av båten har ei samanhengande tidslinje utan brot. Overgangen frå bruksbåt til fritidsbåt skjedde gradvis og var overlappende. Kunnskap og ferdigheiter vart overført frå bruk til fritid og utvikla seg i samsvar med samfunnsutviklinga. Ein føresetnad for dette, særleg dei siste 60 åra, er ein umåteleg stor friviljug innsats frå ein rekke eldsjeler. Eg og mange med meg er umåteleg takksam for denne innsatsen. Eg skriv dette fordi det er viktig for meg å poengtera at dette forslaget på ingen måte er kritikk mot nokon eller noko som er gjort tidlegare. Mitt forslag er kun basert på at eg har eit sterkt ynskje om at bruken av oselvaren held fram. Samstundes syner tendensen dei siste tiåra at det er behov for nye satsingar.

Vegen vidare

Eg trur og at nye satsingar kan bidra til auka bruk av oselvaren både i tal brukarar og i geografisk omfang. Eg trur berre og rett og slett at tida og samfunnsutviklinga gjer at vi må ta nye steg og setje i nye meir omfattande tiltak om vi skal klare å halde bruken av oselvaren ved hevd.

Forslag til Båtlaget Njord/Tysnes sitt årsmøte 11. februar 2022:

- Båtlaget Njord/Tysnes er positiv til ei auka satsing på bruken av oselvaren
- Årsmøtet gjev styret i Båtlaget Njord/Tysnes mandat til å nytte inntil Nkr. 20 000.- som laget sitt bidrag til å etablere satsingane. Dette kan til dømes nyttast til å etablere eit ikkje-kommersielt aksjeselskap eller anna organisasjonsform som ein finn tenleg
- Styret i Båtlaget Njord/ Tysnes får til oppgåve å finne ein representant til ei arbeidsgruppe som vert etablert i løpet av våren. Arbeidsgruppa skal i lag med initiativtakar (Lars Grøteide) sikre framdrift med det mål å realisera satsingane.
- Om Båtlaget Njord/ Tysnes deltek i etableringa av slike satsingar er det å vente at laget får eit medlem i styret/styra som vert oppretta. Styret får mandat til å finne ein person til eit slikt verv ved etablering. Når drifta er etablert er det årsmøtet i Båtlaget Njord/Tysnes som skal velje representanten inn i dette arbeidet.

Tilsvarande forslag vil verte levert til Austevoll seilforening, Milde Båtlag, Oselvarklubben, Oselvarverkstaden og Vestland seilkrets m.fl.

Siglarhelsing

Lars Grøteide

sign.

Vedlegg:

Prosjektskisse.

(Dette er ikkje eit fullstendig dokument, men forklarar ideane.)